



J14-laget har flaskeinnsamling til Norway Cup-tur neste veke. Her er dei klar for treningsøkt onsdag.

J14 fotballaget frå Uskedal/rosendal gjorde ein flott innsats i fjor då dei debuterte i Norway Cup. Det enda med delt siger i B-finalen i J13-klassen. No er jentene eitt år eldre, og dei førebur ny deltaking i Verdens s flottaste fotballturnering. For å finansiera turen, vil jentene saman med foreldre ha flaskeinnsamling denne veka.

Her i Uskedalen startar innsamlinga av panteflasker og - boksar i dag, 18.mai, og den vil halda fram ut veka. Bygdefolket vil få besøk av jentene rundt på husa med spørsmål om bygdefolket har flasker å avsjå. Då håpar dei aktive og kjekke jentene at mange har mykje pantegods å levera. I dei andre bygdene innanfor, vil foreldre og spelarar frå desse bygdene organisera innsamlinga.

Dersom det skulle vera nokon som ikkje er heime når innsamlarane kjem på besøk, kan dei kontakta Anette Sund, Line Soltveit eller Haldis Åkra som hjelper jentene med organisering av innsamlinga.

Jentene gleder seg stort til ei ny Norway Cup-deltaking, og dei håpar dei får inn mykje pantegods til litt av utgiftene til turen. Vi nemner også at dei har hatt ein svært god sesongstart. Dei toppar serien med berre eitt tap og resten sigrar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland